



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS  
Oddbjørn Hindenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6844 - 14/22540

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

06.10.2014

## Svar på spørsmål vedk oppføring av bustad - gbnr 209/1 Høyland

Det vert vist til dykkar skriv av 01.10.2014.

De har opplyst fylgjande:

«Tomten ligg i LNF-spreidd bustadbygging, dvs at det er kommuneplanens arealdel som gjeldt. I kommuneplanen er maks gesimshøgde satt til 6m, og mønehøgde er satt til 9m. Huset som kunde har vurdert ligg akkurat innanfor desse måla dersom ein ikkje har garasje under deler av hus. Evt garasje under deler av hus er tenkt utført slik at det kun er i området ved garasjeport i ein bredde på ca 5,5m at det blir planert ca 3m lavere enn rundt resten av huset. Er det da mulighet for at ein kan måle gesims- og mønehøgde frå gjennomsnittlig terrengnivå (dvs ca 6,3 og 9,3m), og så søkje om disp for det som er over kravet? Eller skal gesims- og mønehøgde målast frå lavaste terrengnivå (som gir ein gesimshøgde på 9m og ein mønehøgde på 12m). Korleis vurderer dere muligheten for å få disp.»

Etter pkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen går det fram at «Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng». Det vil seie at gesims- og mønehøgde skal målast frå lågaste terrengnivå . Det er ikkje mogleg å måle høgdena frå gjennomsnittleg terrengnivå etter føresegnene. Føresegna har samanheng med pkt. 5.16: «Det skal ikkje byggjast på areal som ligg eksponert i landskapet eller på ein slik måte at landskapet vert fragmentert eller det krevst store terrenginngrep».

Ein dispensasjon krev særskilt grunngeving. Kommunen kan soleis ikkje svare på dykkar spørsmål om det kan gis dispensasjon frå pkt. 5.14 i dette tilfelle.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





**Mottakarar:**

Kåls & Sønn Byggevarehandel AS